




PRODUKSJONSOPTIMISMEN FELL

Agronomien sto ved overgangen fra syttitallet til åttitallet ved eit vende-punkt. På den eine sida hadde han gennomlevd ein mannsalde med sterkare produksjons- og produktivitetsvekst enn noen annan gong i nyare tid. På den andre sida vart det moderne landbruket skyteskive for noe av den sterkeste kritikken imot vekstsamfunnet. Den høgproduktive bonden, ein av heltane i etterkrigstida, skulle snart få ei skurkerolle som ein av dei store ureinnarane. Ei viktig problemstilling er korleis landbruket tok vare på dei politiske sigrane frå syttitallet. Vart heile den økonomiske vinsten like godt oppeten av overproduksjonen, og vart den politiske gunsten knust under miljøproblema og høgrebølgia?

Sosialt skiedde det også mye i 1980-åra. Den norske mentaliteten tilpassa seg gradvis at landet var ein oljenasjon. Det vart ein kamp om sjele, om mentale bille og om framtidstru. Åttitallet vart blå tider, også på bygdene. Men kva fekk det å seia på lengre sikt, politisk og sosialt? Ved overgangen til 90-åra pressa dei internasjonale utfordringane seg på med eplepannask og Uruguay-runde i GATT og gryande EU-debatt. Korleis klarte det norske landbruket å møte problemstillingane med overproduksjon, den økologiske utfordringa og dei nye internasjonale politiske trendane med meir marknad og mindre styring?

Bakgrunnen for blåmåndagen i Landbruket

Det skiedde eit internasjonalt politisk omskifte ved overgangen fra 1970-åra til 1980-åra. Den politiske stemninga i dei vestlege verfossstatane slo om, frå ei velvillig holdning til vekst i offentleg sektor og utbygging av velferdsgode til ein statskritikk med krav om lågare skattar. Eit ønske om å avregulere vart ført fram av ein staig meir populær marknadsretorikk. Vår marknadsbølgja fekk si norske form, først under Willoch I og II, seinare under Harlem Brundtland II og III. Overalt der marknadsbølgja sveipte fram over landbruket, ført ho til avregulering, reduserte overføringsar og minnede skjerning. Men det var berre på New Zealand og i Australia at denne bølgja tok med seg nesten heile reguleringssystemet frå 1930-åra. Som i vårt land stansa den liberalistiske bølgja i dei fleste land lengre fram. I Norden nådde ho lengst i Sverige, så langt at storparten av dei svenske bøndene i 1994 røysta seg inn under reguleringane og dei meir rause overføringsane i EU. Da hadde LRF vore den einaste aktive av dei store folkelege organisasjonane på svensk ja-side. I Norden har svensk landbrukspolitikk i helle etterkrigstida vore den mest liberalistiske, mens norsk og finsk politikk har vore meir bondevenleg.



Jerbonden plukkar stein mens oljeplattforma «Norskalt» ligg og dumper for anker ved Tananger. Da bildet vart tatt i 1978, var Noreg i ferd med å bli eit høgkostland, og dette støtte store utfordringar til landbrukspolitikken. Korleis skal ein halde på arbeidskrafta, trekke til seg kapital og verne om dyrkjorda i ein landstiel som flyt av «nølk og bonning»?

Blåmåndagen og baksлага for det norske landbruket på 80-talet hadde også sine særmerkte, norske trekk. For oljepengane kom ikkje berre bøndene til gode frå midten av 1970-talet. Under oljeåra vart det norske samfunnet utvikla til eit pengerikt bygdeby- og forstadsamfunn med store sosiale forskjellar og spenningar, mindre sosial integrasjon og mindre politisk vilje til utjaming. Den minkande sosiale kontakten mellom byfolk og bønder, spraket i sosiale erfaringar mellom generasjonar og sosiale grupper og forvirringane av dei nasjonale felleskulturane, gav grobotn for bøndehers og mindre forståing for overføringer til landbruket. Det var likevel ikkje slik at forskjellen mellom bønder og byfolk vart større i det ytre. I klededrakt og livsstil, i marveg og reisemønster skjedde det ei utjaming på 1980-talet. Men mens erfaringane til bygdefolk vart meir og meir lik dei erfaringane byfolket hadde, fekk særleg byungdom mindre og mindre førstehands kjenntak tillivet på ein gard. Der det før hadde vore nært slæktskap og fellesskap i området, høgtider og feriar, vart det no ein aukande avstand både i tid og rom. På lengre sikt skulle dette brotet på sosiale band vise seg å ha varige konsekvensar. På 1990-talet kom dette sosiale omskifftet til overflata ved at fleire av dei unge urbane vende bonden og bygdene ryggen, både mentalt og i praktisk handle- og reisemonsiter.

Dei første oppgjera med opptrapingsperioden kom i marknaden. Avravlesystemet med det samvirkelagssettet omsetningsapparatet tok støyten da overproduksjonen var eit faktum. Men dette systemet som bøndene hadde vore med og bygd opp for å sikre interessene sine, vart no i etende medium framstilt som ein matfordyra. I ei varekjede der produsent og forbrukar hadde fjerna seg frå kvarandre, sto dei nye dealjistkjedene fram som dei beste venene av forbrukaren. Når det frå andre halvdel av 1980-talet vart sett større fokus på pris, vart landbruket sittande att i skamnekkoren med skulda for at kotelettane var dyrare her enn i Danmark og Sverige.

Overproduksjon og topprisordning

Oppdyrkninga og bruksutbygginga på slutten av 1970-talet hadde leyst ut stor produksjonskapasitet, først og fremst i kjøtt- og mjølke-sektoren. Kanalisinga til korndyrking var langt på veg oppbruken, og det norske folket hadde ikkje følgrapolen frå Treholt om å eta mein graut. 1982 var eit merkeår, da landbruket måtte ta grundig inn over seg dei to svært ulike reknestykkja: eitt for balansert marknad og eitt for overproduksjon. Forbrukarsubsidiane, som hadde vore eit verkemiddel staten brukta i lønnsoppgjera, vart reduserte alt under regeringa Nordli

(1976–81). Ved årsskiftet 1980/81 vart subsidiane på matmjøl og kjøtt reduserte. Mjølkeprodukt vart i første omgang skjeena.¹ Denne linja vart ført vidare og skjært i gjennom regjeringsa Willoch, slik at alle forbrukarsubsidiene på kjøtt vart avvikla frå 1.7.1987. Prisane steig, forbruket av norsk kjøtt vart redusert, og grensehandelen med Sverige tok seg opp. Saman med auken i avtaleprisen forte reduksjonen i kjøttsubsidiene til at kjøtprisane til forbrukar steg med mellom 30 og 35 prosent i løpet av 1982. Engrossalet av norsk kjøtt gikk ned med 11 prosent i 1982, og samla overproduksjon for alle kjøttslag dette året vart 12 millionar kg, av ein samla norsk kjøttproduksjon på i underkant av 200 millionar kg. Til samanlikning rekna ein ned at grensehandelen var på 12–16 millionar kg kjøtt.²

Utviklinga i kjøttmarknaden sende sjokkbølgjer inn i avtale-systemet. Alt før jordbruksforhandlingane i 1982 vart partane samde om at statens ansvar for avsetninga var avgrensa til den delen av produksjonen som låg innanfor produksjonsmåla. Avsetningsstiltak for produksjon ut over dette skulle jordbruket sjølv ha det økonomiske ansvaret for gjennom omsetningsavgiften.³ Johan C. Løken var landbruksminister, og før jordbruksforhandlingane hadde han sett i sving ei arbeidsgruppe under leiding av Almar Sagelvmo som skulle laga ei utgreining om kva ansvaret jordbruket skulle ha for kostnadene ved overproduksjonen.⁴ Ministeren og arbeidsgruppa mente at næringa gjennom samvirket sat med det apparatet som skulle ha det praktiske reguléringsansvaret. I første omgang galdt prisippet for kjøtt, der overskottsprøblema var stort. Som ei motyting i denne «kjøtpakken» vart den tollfrie innførselskvoten redusert frå 10 til 5 kg, og importen av høy vart regulert med kvotar frå 1. mars 1983.⁵ Partane slutta seg til dette, og dermed hadde den norske staten oppnådd det ingen andre av nabolanda våre fekk til: at næringa tok ansvaret for produksjonsreguleringa.⁶ Frå og med 1983 fekk landbruket reguleringsansvaret for alle produkt unntatt korn. For korn vart prisippet innført frå og med 1988. Dette viktige prisnippet gav ein sjølvdisiplin i næringa som landbrukssektoren andre delar av Europa, til dømes i EU, har sakna. Utan dette verken midlet ville både overproduksjonen og overføringsnivået i Noreg truleg ha vorte vesentleg høgare for perioden fram til i dag. Ansvarsprinsippet førte til at Noreg kom til å takle produksjonsstilpassinga betre enn mange andre land. Ei forklaring på at dette gikk igjennom så lett her heime, var nok den sterke trua på regulering i landbruksorganisasjonane. Som ei følgje av at ansvarsprinsippet vart innført, trappa staten ned midlane til marknadstregulering på 1980-talet, mens det vart meir og meir eit ansvaret for jordbruket åleine å finansiere reguleringsskapsporten gjennom omsetningsavgifta. Tapet for jordbruket på grunn av overproduksjon vart talfesta til 4300 kroner pr. årsverk i 1982.⁷

Krise i agronomien: Miljøspørsmåla sett ein ny dagsorden

Det var hyggelig å høre noen anerkjennende ord angående mitt arbeid når det gjelder naturvernet – det vil si anerkjennende ord fra Senterpartihold, derfra har jeg ikke fått noen støtte. Det er som du sier i dit brev at «[...] det nyttet dessverre ikke å appellere til bøndane og vise til at naturen har sin egenverdi, en må prøve å få dem til å tro at utnyttelse av frid- og fiskemuligheter vil gi dem mer penger i det lange løp».



I familiebrukslandet kan barna framleis vera med i dagleglivet, og derson forvalta tar seg tid, kan det lære seg myggt eit arbeidsstykke som kjem til nytte seinare. Men slik oppvekst er ikkje lengre nøyen sikker rekrutteringsveg til landbruksel. I 2001 seldt Svein Skjelsvold på Rindalsskogen mjølkekveten, og sonen Jo, som var fem år på dette bildet fra 1978, er lærar i Fredrikstad.

For å tilpasse mjølkeproduksjonen til marknaden vedtok ein samtidig å innføre ei topriordinning for ku- og geitemjølk frå 1.1.1983. Bonusordninga frå 1977 hadde vist seg å ikkje vera effektiv nok for å tilpasse produksjonen til produksjonsmålsettinga. Topriordininga innebar normal mjølkekpris for ein basisskvote, som var rekna ut på grunnlag av gjennomsnittleg leveranse dei siste tre åra. Den enddelege kvoten for kvar produsent vart så fastsett som eit prosenttal av dette gjennomsnittet, utrekna etter ein prognose for kor stor samla produksjon som må til i året for å fylle produksjonsmålet. For leveranse ut over kvoten fekk produsenten ein redusert pris, i første omgang vart denne prisen fastsett til 1 krone pr. liter, seinare mye mindre. Administrasjonen av topriordininga vart lagd til NML og styrt av ei partssamansett styringsgruppe. Dette var i første omgang eit effektivt tiltak for å redusere eksporten av ost og tørrmjølk med tap, noe som gjorde det mogeleg å auke inntektene for mjølkeproduksjonane utan større overføringar.

For å tilpasse mjølkekproduksjonen til marknaden vedtok ein samtidig å innføre ei topriordinning for ku- og geitemjølk frå 1.1.1983. Bonusordninga frå 1977 hadde vist seg å ikkje vera effektiv nok for å tilpasse produksjonen til produksjonsmålsettinga. Topriordininga innebar normal mjølkekpris for ein basisskvote, som var rekna ut på grunnlag av gjennomsnittleg leveranse dei siste tre åra. Den enddelege kvoten for kvar produsent vart så fastsett som eit prosenttal av dette gjennomsnittet, utrekna etter ein prognose for kor stor samla produksjon som må til i året for å fylle produksjonsmålet. For leveranse ut over kvoten fekk produsenten ein redusert pris, i første omgang vart denne prisen fastsett til 1 krone pr. liter, seinare mye mindre. Administrasjonen av topriordininga vart lagd til NML og styrt av ei partssamansett styringsgruppe. Dette var i første omgang eit effektivt tiltak for å redusere eksporten av ost og tørrmjølk med tap, noe som gjorde det mogeleg å auke inntektene for mjølkekpro-

drag fra avrenning, av kunstgjødsel og plantevernmiddel. Opptrapningspolitikken hadde ført til større produksjon, men også til auka bruk av økonomiske og biologiske ressursar og meir ureining. Dermed kom det høgproduktive landbruksel under dobbel eld, frå høgre fordi det vart for dyrt, og frå venstre fordi det øydelød naturen. Dette skapte ein legitimetskrise for landbruksel som snudde noen av problemstillingane fra den tidlege etterkrigstida på hovudet.

At det skulle vekse to strå der det før vokste eitt, vart realitet meir enn ein floskel. Fra krigen var slutt, og fram til 1975 auka byggeavlingane frå 211 til 313 kg pr. dekar, og grasavlingane gikk opp frå 463 til 658 kg pr. dekar. Rekna ein i foreiningar for alle planteslag, gikk produktiviteten opp frå 204 til 314 føreiningar pr. dekar for året i same tretiårsperioden. Denne formidable auken var grunnlagd på bedre kunnskap og dyrkingsmetodar, meir fuldyrka areal og framfor alt meir bruk av kunstgjødsel og plantevernmiddel. Bruken av kunstgjødselauka frå 21 500 tonn nitrogen i 1945 til 87 000 tonn i 1975.

Den høgproduktive kua og grisene, kombinert med den politisk bestemte regionale konseksjonen av korndyrking og spesialisert husdyrhald, kom til å utne bekker og elver meir enn det lågproduktive, allsidige husdyrhaldet frå før krigen. Tilføringa av næringssalt, både frå siloavrenning, frå husdyrgjødsel og frå kunstgjødsel som ikkje vart tatt opp av nytteplantene, endra på kort tid mange sentrale vassdrag. Til groing med algar og andre vekstar førte til oksygenmangel, som i sin tur kvelte fisken. Forsu-